



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
17.06.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/834 331.3
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Skatt på eige og inntekt pr. 31.mai 2014

Vedlagt følgjer eit oversyn over skatt på eige og inntekt for kommunane i Hordaland pr. 31.mai d.å.

Skatteinngangen syner ein auke på 1,9 prosent dei første 5 månadene i år samanlikna med same periode i fjor for kommunane samla i fylket utanom Bergen. For Bergen kommune var skatteauken i den same perioden 1,7 prosent.

Innbetalt skatt pr. 31.mai d.å. i prosent av budsjett 2014 var 49,6 prosent for kommunane samla utanom Bergen og 47,3 prosent for Bergen kommune.

Inntektsutjamninga blir rekna i høve til landsgjennomsnittet for ordinær skatt medrekna naturressursskatt. Skatteutviklinga samla for kommunane i landet har stor innverknad på kvar kommune si inntektsutjamning.

I denne perioden har det vore ein skatteauke på berre 1,6 prosent for kommunane samla i landet. I revidert nasjonalbudsjett er det lagt til grunn ein pårekna skatteauke for heile året for kommunane samla i landet med i underkant av 3,0 prosent.

Vi ber om tilbakemelding dersom det er feil i oversynet.

Med helsing

Else-Kristin Foss Vikenes e.f.
avdelingsdirektør

Håvard Rød
seniorrådgivar

Vedlegg

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.